



## NSK avd Sogn og Fjordane

Årdal 28. januar 2024

### Innkalling til årsmøte NSK avd. Sogn og Fjordane

**Tid:** Søndag 11. februar 2024 kl.11.00

**Stad:** Thon Jølster hotell, Skei

Det vert med dette kalla inn til årsmøte i NSK avd. Sogn og Fjordane.

#### Sakliste årsmøtet:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Konstituering
  - stemmerett
  - val av ordstyrar
  - val av referent
  - val av to personar til å skrive under protokoll
3. Årsmelding 2023
4. Rekneskap 2023
5. Budsjett og aktivitetsplan 2024
6. Val



Alle er velkomne, men for å ha stemmerett må medlemskontingent for 2024 vere betalt.

#### Tema etter årsmøte:

##### Miniklippekurs:

- ta med hund dersom du vil lære å klippe litt på eigen hund og ta med det klippeutstyret du har. Det er ein stor fordel at hunden er flokefri.

##### Treningstips:

- dei som har interesse for å få litt treningshjelp for grunnferdigheiter for å få ein velfungerande familiehund/jakthund, tek med seg hund og mange små godbitar som hunden RASKT kan svelgje. Type små pølsebitar, vaffelbitar, kvitost osv. Me prøver å få til bittelitt trening.

##### Utlodding

- styret stiller med nokon småpremiar pluss hovudgevinsten som er gratis start på sporprøve, jaktanleggsprøve, apportprøve eller anna aktivitet i avdelinga i 2024. Me oppmodar alle medlemmer som kjem til å ta med seg ein liten gevinst som er innpakka. Maks 100 kr! Det kan vera alt frå hundesnop til kaffipose. Bruk fantasien.

#### Påmelding:

Fint om du kan melde frå på epost [spaniel.sf@klubb.nkk.no](mailto:spaniel.sf@klubb.nkk.no) innan **4. februar** om du kjem til årsmøtet, så får me varsla hotellet om tal deltakarar til lunsj. Avdelinga spanderer lunsj på medlemer.

**Vel møtt!**

-Styret -